


Ordføreren vil baka bollar med 1. klasse.

11.11.2015



Dei koselege breva.

**Ordførar Peder Sjø Slettebø har tidlegare baka bollar av første klasse. No har han takka ja til å koma til Uskedalen og baka bollar med førsteklasingane. Elevane vart veldig glad då ordføreren skreiv at han ville koma, og no gleder dei seg ekstra mykje til torsdag den 26.november då bollebakinga med ordføreren skal skje.**

Denne gladsaka starta med at klassen les boka **Peder Bakar og bollemaskinen** som kom ut i fjor haust, saman med kontaktlærar Trine Nødland. Denne likte dei veldig godt! Det er mor til Peder, Ingvill Sjø, som har skrive den, og boka har flotte illustrasjonar av far til Peder, Lars Slettebø.

Etter dette teikna klassen masse koselege og fine teikningar. Dei skreiv eit brev til ordføreren der dei fortalde at dei hadde lese boka, likte den godt og så spurde dei om han kunne tenkja seg å koma og baka med dei. Saman med brevet sende dei dei fine teikningane.

Stor var gleda då klassen fekk eit koseleg brev tilbake, der ordføreren skreiv at han hadde lyst til å koma og baka med dei, og at han kunne ta med bolledeig frå bollemaskinen. Han oppgav to datoar han hadde ledig tid, og no vert det bollebaking torsdag den 26. november. Eg trur både elavar, lærarar og ordføreren gleder seg like mykje til denne dagen!!

Verkeleg kjekt at ordføreren tar seg tid til møte med alle aldersgrupper.



I løpet av kort tid har møter ordfører Peder Sjo Slettebø både unge og eldre i Uskedalen. Her saman med Harald Sunde under møtet i Uskedal Utvikling

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto har eg fått låna frå Peder Sjo Slettebø(facebook), og Ola Matti Mathisen.